



Olje- og energidepartementet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/258 - 19/3068

Saksbehandlar:
Jo Bjarte Tømmerbakke
jo.tommerbakke@modalen.kommune.no

Dato:
09.09.2019

Høring - NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land

Viser til høringsbrevbrev datert 01.04.2019, med ref 19/511

Saka vart handsama i kommunestyret i Modalen 05.sept 2019. Sjå vedlagt høyringsuttale vedteke i kommunestyret.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke
Rådmann
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Vedlegg:
Høyringsuttale nasjonal ramme vindkraft Modalen kommune

Mottakere:

Olje- og energidepartementet

Uttale frå Modalen kommunestyre til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land, analyseområde 18, dagsett 1. april 2019.

Modalen kommune tar framlegget til nasjonal ramme for vindkraft på land til vitande, og støttar eksklusjonen av område 18-B, som ligg i Modalen kommune, frå planen. Eksklusjonen er grunngeve i at området har store friluftslivsverdiar av nasjonal betydning.

Modalen kommune støttar Masfjorden kommune og Gulen kommune sine høyringsuttaleser. Dei gjenverande områda i analyseområde 18 kan heller ikkje reknast som konfliktfrie. Natur og friluftslivsverdiar også i nabokommunane vil bli påverka av vindkraftutbygging. Det verker litt tilfeldig kven som er ekskludert og kven som er inkludert i analyseområde 18 i Nasjonal ramme for vindkraft. Omsynet til den samla belastninga på natur, biologisk mangfald og landskap meiner vi òg burde vere med i handsaminga av heile analyseområde 18.

Om den nasjonale ramma og prosessen

Medverknad

I prosessen fram til framlegget til nasjonal ramme har det vore avgrensa lokal medverknad, dette samstundes med at det synast å vere tverrpolitisk semje om at det skal leggjast stor vekt på lokalsamfunnet sitt syn i spørsmål om utbygging, jf. òg NVE si uttale i rapporten (s. 32) om miljø- og samfunnsinteresser: «[...] de konkrete virkningene av vindkraftverk for miljø- og samfunnsinteresser avhenger i stor grad av lokale forhold.»)

Det ville vore rett å legge framlegg til eigna områder for vindkraft fram for kommunane på eit tidlegast mogleg stadium i prosessen med nasjonal ramme. Vi meiner at i arbeidet med nasjonal ramme har ein valt ein motsett metode ved å be om uttale først når OED handsamar saka.

Kva funksjon og rolle skal nasjonal ramme ha?

Modalen kommune meiner at vindkraftutbygging bør vurderast etter grundige og ordinære konsesjonsprosesser, basert på konkrete lokaliteter og avveging av interesser. Dagens konsesjonsprosesser må endrast slik at dei følgjer alminnelige konsesjonsrettslege prinsipp, der det er dei endelege utbyggingsplanane som vert konsekvensutgreiinga og sendt til høyring. Slik sett meiner Modalen kommune at sjølve rammeplanen har ein svakheit i at det verkar uklart kva som er formålet, når den og argumenter for at dette ikkje skal gje konkrete føringar for NVE si behandling av konsesjonssøknader.

Det kan framleis søkjast om bygging av vindkraftverk utanom rammeplanen, også i område som er ekskludert med fagleg grunngeving. Det kan føre til mykje ressursbruk både i direktoratet og i lokalsamfunna, noko som ikkje er i tråd med regjeringa sitt mål om ein meir effektiv behandling av konsesjonssøknader for vindkraftprosjekt i framtida.

Slik den ligg føre i dag meiner Modalen kommune at framlegget til nasjonal ramme for vindkraft på land har store svakheiter. Den vil m.a. medføre unødig press på dei områda som er med i planen.